



Verksemndsleiar Tormod Fossheim i kommunen har no svara E & M Holding i saka om reguleringsplanen.

Firmaet har bedt om at cotehøgda på området nedover mot Rabben vert redusert frå 11 til 9, men kommunen meiner området tåler cote 11 sidan det er krav om møna tak. Ved detaljplanleggjing skal eventuelle bygningar orienterast slik at det vert minst mogeleg sjenanse for bygga til firmaet.

Reduksjon av frisktsoner slik dei også bed om blir vanskeleg dersom avkøyrsla skal oppretthaldast. Desse sonene er minstekrav frå vegvesenet, Men Fossheim meiner at det skulle vera mogeleg å inngå forhandlingar med eigar av 131/3 om å få att tapte parkeringsplassar på nedsida av husa.

Fossheim strekar under at det aktuelle området ikkje er detaljregulert korkje med tilkomstvegar eller bygningsplassering, Hvis firmaet har rett til tilkomstveg til kjellarane sine på bygningane sine over 131/3 vert dette ikkje skipla av reguleringsplanen. Hvis firmaet ikkje har avtale om slik tilkomst er dette privatrettsleg og ein reguleringsplan vil uansett ikkje'kunne gje firmaet slik rett, skriv Fossheim.

Av Ola Matti Mathisen